

**Retningslinjer, målsetjing for  
hjorteforvaltning 2014-2018  
i Norddal kommune.**

## Vedtekne i viltnemnda 30/4.2014

### Innleiing.

I samband med ny forskrift om hjorteforvaltning FOR-2012-02-10-134 § 3 må kommunen ha utarbeidd ein målsetting for jaktbart hjortevilt.

«Kommunen skal vedta målsettinger for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet for jakt på arten(e). Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

### **Målsetjingar for hjorteforvaltninga, rettleiing for bestandsplanane og fellingsavgift i Norddal kommune:**

Minsteareal: 1000 dekar. Avvik av minsteareal etter § 9 i forskrifta er 50%.

#### **1. Gjennomføre ei bestandsretta hjorteforvaltning**

Ein skal søkje å ha eit uttak som er rett, både med omsyn på tal og kjønns- og aldersfordeling, ut frå den hjortestammen ein har.

Det er målsetnad at jakta skal organiserast i bestandsplanar for heile kommuna.

Bestandsplanane bør være så realistiske at ein greier 90% avskyting av kvota på planperioden og 80% avskyting av årleg kvote.

Alle vald skal ha årleg vårteljing, føre «setthjortskjema» alle dagar det jaktast. Innan 2015 skal alle jegerar/jaktfeltsleiar/jaktlagsleiar nytte den digitale registreringsportalen til hjorteviltregisteret [www.settogskutt.no](http://www.settogskutt.no)

Rapportere fellingsresultat med slaktevektliste til kommunen.

#### **2. Oppretthalde beitekvaliteten i utmark**

Ein skal gjennomføre ei hjorteforvaltning som søker oppretthalde beitekvaliteten i vinterbeiteområda og byggje opp att beitekvaliteten i sterkt ned beita områder. Det er redusert kvalitetsbeite som gjer at slaktevekta har gått ned og ikkje det kvantitative

beite. Beitetakstar kan vere naudsynt for å overvake dette og redusering av hjortestamma i det område om taksten gir signal på for stor stamme.

### 3. Redusere skadar på innmark og skog

Ein skal søkje å ha eit uttak som tek høgde for å unngå stor skadebeiting for enkelt bønder. Valda har ansvar for å fordele løyva slik at skadedyr raskt kan takast ut. Bestandsplanane må ta høgde for å dele ut fellingsløyver der hjorten er i valda og kan skytast. Derfor bør valda halde tilbake løyver som kan delast ut til jaktfelt som feller kvota raskt i områder der det er beiteskadar. Avlingskader skal ikkje overstige 20% av produksjonsevna på dyrka mark og skog. Eller om hjorteskadane er så store at dei reduserrar verdiane med 20% eller meir av tømmeret som følgje av barkgnag eller honningsoppråte, som hjorten er smittebærer av. Hjorteskadane må ikkje verte så store at forynginga til avverka bestand vert beita så hardt på toppskota at fleire års tilvekst går ut.

#### **Biologisk mangfald:**

I Norddal kommune er det fleire naturreservat som vert påverka av beiting frå hjortevilt. Særleg edellauvskog kan verte uheldig ringbarka slik at dei døyr.

#### **Naturmangfaldslova:**

Kommunen kan gi løyver på kort varsel for uttak av hjort utover jakttida som voldar skade eller som er fare for trafikken og allmenta heimla i naturmangfaldslova.

### 4. Oppnå ein sunnare hjortestamme

I dette ligg både ei gunstig kjønnsfordeling, aldersfordeling og høgare slaktevektar. Dette målast best igjennom slaktevekt for kalvar og 1 1/2 årringar. Gjennomsnittlige slaktevekter skal ikkje under 2012 nivå og målsetjinga må vere at slaktevekta går opp 10% fram til 2018. **Virkemiddel er innføring av vektgrensar for skrapdyr og redusering av hjortestamma i pressområder.**

*Snittvekt i Norddal 2012.*

**Hokalv:** 27 kg **Hannkalv:** 30 kg **Hodyr 1,5 år:** 51 kg **Hanndyr 1,5 år:** 54 kg

*Snittvekt i Norddal 2013.*

**Hokalv:** 29 kg **Hannkalv:** 31 kg **Hodyr 1,5 år:** 49 kg **Hanndyr 1,5 år:** 53 kg

#### **Snittvekt 1992 i Møre og Romsdal:**

**Hokalv:** 28 kg **Hannkalv:** 30 kg **Hodyr 1,5 år:** 51 kg **Hanndyr 1,5 år:** 58 kg

## 5. Viltpåkøyrslar.

Viltpåkøyrslar er ein stor kostnad for samfunnet og representere både fare for folk tryggleik, store økonomiske skadar og dyras liding.

Norrdal kommune har fallviltavtale med Valldal ettersøksring. Viltfondet dekker kostnadene som har med ettersøk og opprydding av fallvilt. Anna bruk av viltfondet skal handsamas av kommunen etter forskrifta om fellingsavgifta o.a.

Målsetjinga er å holde hjorteviltstamma på eit nivå slik at trafikkskadar haldast på eit akseptabelt nivå under 12 påkøyrslar i året som realistisk maksimum. Unngå lagring av rundballar langs trafikkert veg.

## 6. Fellingsavgift

For kalv kr. 225,- og 370,- for vaksne. Kalv som går som skrapdyr betalast det ikkje fellingsavgift(gjeld berre bestandsplanar), men dyret skal rapporterast til kommunen. For vaksne dyr som vert klassa ned som skrapdyr betalast det vanleg fellingsavgift for vaksen hjort.

## 7. Interkommunalt samarbeid.

Norrdal kommune skal samarbeide med Stranda og Sykkylven jf. § 4 i forskrifta om hjorteforvaltning. Etter merkeprosjektet «Sunnhjort» er ferdig evaluert kan ein slå fast ein eller fleire forvaltningsregionar for hjorten.

## 8. Rapport og kontroll.

Alle felte hjort skal rapporterast innan 48 timer etter dyret er felt og meldast etter faktisk alder og kjønn. Kommunen skal utføre stikkprøvekontrollar av felt hjort i aukande grad for denne nye planperioden av hjortevalda.

9. Ved brot på mål og retningslinjer kan bestandsplana seiast opp av kommunen.

10. Krav til bestandsplanane:

- Minimum 20 % kalv
- Minimum 50 % ungdyr (1 ½ år) og kalv
- Kjønnbalansert av fordeling mellom hanndyr og hodyr i uttaket, dvs. Forhold mellom bukk og kolle kan justerast på valdnivå i uttaket etter data frå hjorteviltregisteret. Kommunal målsetnad er 1,5 kolle per bukk.
- Innføring av skrapdyrkvota og krav om kontrollveging innan 48 timar etter felling, valda må ha internkontroll. Ved mykje skottrensing skal det leggast til vekt etter skjøn.
  - Vektgrense: 20 kg for kalv(23kg etter 1.oktober), veker under 20kg rapporteras som kalv, men belastas ikkje fellingsavgift og går ikkje på kvota.
  - 45 kg for 1 ½ år hodyr og 48 kg for 1 ½ hanndyr, vekt under godkjennast som kalv, samt bukk med gevirlengde på 5cm eller mindre. Dyret rapporterast etter faktisk alder til kommunen.
  - 55 kg for 2 ½ år og eldre dyr, vekt under går som 1 ½ år og for bukk med mindre gevir enn 25 cm går som 1 ½ år (spissbukk). Dyret rapporterast etter faktisk alder til kommunen.
  - Vrakdyr etter avtale med kommune eller mattilsynet.

- Valda skal holde inntil 20 % (inkl. skrapdyr) av årleg kvote til fortløpande fordeling etter felt skrapdyr og etter 1.oktober til jaktfelt som har skutt full kvote.
- Bestandsplana kan overskridast med 10 % av årleg totalkvote, men korrigerast i løpet av planperioden. 10 % av kolle og bukke kvota kan overskridast mot korrigering i planperioden. Overføring av kvote frå tidlegare år er problemfritt innan planperioden.